

# Breidablikk hytteforening

## Referat frå medlemsmøte i hytteforeninga 2.sept 2017

**1. Informasjon frå brannsjefen i Skjåk kommune**, Atle Festervoll. Presentasjonen vil verte sendt ut seinare. Den vil også verte tilgjengeleg på heimesida vår.

**2. Informasjon frå Skjåk hytteservice** ved Tor Bruland. Han informerte om oppstarten til Skjåk hytteservice og om tilbodet dei har. Eine sonen vil vere mest å sjå i feltet vårt. Sjå heimesida for meir informasjon. Det vart også delt ut informasjon om tilbodet.

**3. Informasjon og trekking av trimpostane våre.** Bodil Berge informerte om dei tre turpostane, antal besøkande sidan forrige årsmøte og delte ut premiar til dei tre vinnarane. Premiane er som tidlegare, gåvekort på 500 kroner på G-sport.

*Hamsehytta:* 218 registrerte, vunne av Henriette Gjørtz Howden på nr 57.

*Hamserunda:* 428 registrerte, vunne av Live Halse på nr 153.

*Viahø:* 113 registrerte, vunne av Tri Midtlid på nr 31.

**4. Presentasjon av spørjeundersøkinga** vi har hatt, ved Ingvild Bøstrand. Her har vi fått inn 11 svar frå medlemene. Dette tek vi med oss vidare i arbeidet vårt i styret. Vidare ein kort presentasjon av kva som vart prioritert, der det som er nevnt først er prioritert øvst osv:

*Tema 1, Aktivitet i styret:* Medlemene ynskjer vi skal engasjere oss mest i saker knytt til veg og vedlikahald - parkeringsplassar - kommunale saker generelt.

*Tema 2, Sosiale aktivitetar i foreninga:* medlemene ynskjer påskeaktivitet - fellestur i nærområdet - treff på Hamsehytta.

*Tema 3, Informasjon:* Medlemene ynskjer å få informasjon på epost – heimeside - facebook - gjennom medlemsmøte.

**5. Kort presentasjon om den nye web-sida**, av Kirsti Gjørvad, der sida vart vist på veggen. Under «Aktuelt» vil det nyaste aktuelle alltid ligge. Vi fekk sjå korleis vi kan logge oss inn og korleis eit eventuelt medlemsregister kan sjå ut, der td. namn, hytteadresse, eit eller fleire telefonnummer og epostadresse kan stå. Vi kjem til å sende ut informasjon om at dei som ynskjer å stå registrert i registeret må gje ei tilbakemelding om dette. Frå tid til anna kan det vere aktuelt å få tak i hytteeigarar, og dermed kan vi på denne måten finne namn og tlf. Vi kjem også til å spørre medlemene i eposten om det er greit å ha sponsorar nede på sida, slik kan vi kanskje få dekka inn årlege utgiftene til websida, ca 5000 kr. Elles vil det etter innlogging også vere tilgang til rekneskap, budsjett, årsmøtepapir, arkiv osv. Alle vart oppfordra om å sende inn innlegg og bilder til heimesida.

**6. Orientering om søknad for omregulering** for å opne for innlagt vatn på hyttene, ved Roger Howden. Dette vart orientert om på årsmøtet, i samband med budsjettet.

**7. Orientering om saker vedr. kontakt med kommunen**, spesielt i høve veg og parkering, ved Roger Howden. Det kjem til å vere eit møte i løpet av september ang vegen, der hytteforeninga skal delta. Ein kjem blant anna til å ta opp spørsmål om fast dekke på parkeringsplassen.

## **8. Andre saker**

Informasjon om fellestur som i år er lagt til *lørdag 7.oktober*. Gå opp frå Botn seter til Glittervatn og ned til Grotli. Her kom det innspel på at det kanskje ville vere lettare å gå motsatt veg. Følg med på heimesida ang. tidspunkt og nærmere detaljar.

Det kom også opp tips til turar for seinare år: Skredstasjonen mellom tunellane. Samt å gå frå Skjeringsdalsetra (mellan fyrste og andre tunellen) og ned vegen langs fjellet til bru nedanfor 1.tunellen.

*Ref, Ingvild Bøstrand*